



## Notat

Dato: 18.03.2016  
Arkivsak: 2014/14130-34  
Saksbehandlar: gurklyv

---

**Til:** Anne Gine Hestetun, Fylkesordfører

---

**Frå:** Guro Klyve, Egedomsavdelinga

---

### **Opplysning av Bystasjonen AS - Overføring til Hordaland fylkeskommune. Signering av avtale.**

Hordaland fylkeskommune er eigar av 100 % av aksjane i Bystasjonen AS. Bystasjonen AS eig kollektivterminalanlegget på Bystasjonen i Bergen.

I notat av 23.11.2015 til fylkesutvalet og fylkestinget vart det orientert om at det ikkje lenger er føremålstenleg å oppretthalde selskapet som ei sjølvstendig eining, og at ein ville halde ekstraordinær generalforsamling for å vedta oppløysing og avvikling av selskapet. Selskapet sine eigendelar vil verte overført til Hordland fylkeskommune. Sjå vedlagte notat.

Notatet vart handsama av fylkesutvalet den 03.12.2015 og i fylkestinget den 08.12.2015. Det var ingen merknader til notatet.

I samband med avviklinga av selskapet må selskapet og aksjonæren, Hordaland fylkeskommune, underteikne på ein avtale der aksjonæren, gjennom underteikning av avtalen, stadfestar at eigendelane i selskapet kan overførast til aksjonæren som naturalutdeling.

Vi ber om at avtalen vert signert.

Guro Klyve  
Eigedomsavdelinga

Vedlegg:  
Avtale